

Frå Statsraaden til fjelldronninga vår.

06.05.2017



Ein fantastisk topptur.

I det siste har vi stadig hørt fleire som har brukt nemninga dronninga blant fjella våre om Ulvanåso. Det er lett å skjøna at dette vakre, majestetiske fjellet vårt vert kalla akkurat dette. Det trekkjer til seg besøkjande frå heile verda til ulike opplevingar, og i dag har svært mange besøkt fjellet på ski, nokre av dei som ein del av konseptet «Ski & sail Hardanger».

«Ski & sail» er eit samarbeidskonsept, og det består som namnet seier av opplevingar på sjø og ski. Deltakarane er 120 skifolk som bur på «Statsraad Lehmkuhl» og dei tar seg også av seglinga og sjølivet. Dei andre samarbeidspartnerane Hardanger Åtgaum(Øystese) og Ekstremsportveko(Voss) tar seg av landaktivitetane der dei tilbyr flotte opplevingar på ski.

Arne Kristian Teigland i Hardanger Åtgaum fortel at «Statsraad Lehmkuhl» segla ut frå Bergen torsdag kveld og kom til Rosendal grytidleg fredag morgen. Her la dei seg til, og så har det vore utgangspunkt for ei rad opplevingsmuligheter for skifolka som er med på turen. I samband med dette vart 12 av deltakarane kjørt med buss til Uskedalen i dag. Med kalkestasjonen som utgangspunkt skulle dei ha ein guida topptur til Geitadalstind og eventuelt vidare om det vart tid. Andre grupper vart køyrt ut til andre turstartpunkt. Han nemnde i den samanheng at nokre vart transportert til Myrdal medan andre var køyrt til Muradalen. Folgefonna var også sentral i dette med ulike aktivitetstilbod der.



Ski, sol, snø, blå himmel i mai. Fantastisk!!

Teigland fortel at deltakarane kjem frå heile Norge, og i tillegg er det ein god del svenskar og tyskarar samt to hollendarar. Det er første gangen dette konseptet vert arrangert, og det viste seg å vera særdeles populært. Allereie før jul var alle dei 120 plassene bestilt.

Responsen frå deltakarane har vore unisont positiv. Dei er heilt overstrøymane både når det gjeld naturen og opplevingane, og måten dei er blitt mottatt på.

- Her har vi fått 120 gode ambassadørar for naturen her og alt den har å by, seier Arne Kristian Teigland i Hardanger Åtgaum, og han er overbevist om at mange av deltakarane vil koma tilbake på private turar.

- Og hvis folk vil, så kjem vi svært gjerne tilbake med liknande opplegg, avsluttar Teigland i Hardanger Åtgaum som altså samarbeider med Ekstremsportveko og «Statsraad Lehmkuhl» om det vellukka konseptet. Søndagen vert brukt på turen tilbake til Bergen.

De kan lesa meir om opplegget [HER](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto frå Hardanger Åtgaum AS